



Møteprotokoll

Utval: **SOGN REGIONRÅD**

Møtestad: Sogn Jord- og Hagebrukskule

Møtedato: 06.12.2013

Tid: kl 0930-1400

A. Desse møtte

Faste medlemmar
Norlvdistad, ordførar Aurland kommune (leiar)
Arnstein Menes, varaordførar Balestrand kommune
Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
Arvid Stenehjem, formannskapsmedlem Sogndal kommune
Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune
Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
Medlemmar
Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune
Jarle Skartun, rådmann Luster kommune
Karina Nerland, dagleg leiar
Andre
Bjørg Fritsvold, rektor Sogn Jord- og Hagebrukskule
Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
Stian Sægrov, prosjektleiar for samla plan for prehospitalte tenester, Helse Førde

- C. Ordførar Norlvdistad ønskte velkommen til Aurland
- D. Innkalling godkjent utan merknader
- E. Sakliste godkjent
- F. Protokoll frå møte 25. oktober 2013 godkjent utan merknader

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.
	Tittel
30/13	13/3825 Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv
31/13	13/3856 Visit Sognefjord - søknad om tilskot for 2013 og 2014
32/13	11/2965 Arbeidsdokument for verknader av auka ferjefrekvens for Hella-Vangnes-Dragsvik
33/13	13/3681 Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2014
34/13	10/3291 Profilering av Sogn på nettsida til Framtidsfylket
35/13	13/2019 Budsjett 2014 Sogn regionråd
36/13	13/266 Orienteringssaker 6.12.2013
37/13	11/2965 Høyring ferjeruter i indre Sogn

Sak 30/13
Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv

Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv.

Handsaming

Det kom framlegg om at Ivar Kvalen er Sogn regionråd sin representant i arbeidsgruppa.

Vedtak:

Sogn regionråd set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv.

Representant frå Sogn regionråd i arbeidsgruppa er Ivar Kvalen.

Sak 31/13
Visit Sognefjord - søknad om tilskot for 2013 og 2014

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 240 000 til Visit Sognefjord til marknadsføring kvart år i 2013 og 2014.

Vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 240 000 til Visit Sognefjord til marknadsføring kvart år i 2013 og 2014.

Sak 32/13
Arbeidsdokument for verknader av auka ferjefrekvens for Hella-Vangsnes-Dragsvik

Tilråding:

Sogn regionråd set av inntil kr 50 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til eit arbeidsdokument som bereknar samfunnsøkonomiske verknadar av auka ferjefrekvens for sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

Vedtak:

Sogn regionråd set av inntil kr 50 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til eit arbeidsdokument som bereknar samfunnsøkonomiske verknadar av auka ferjefrekvens for sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

Sak 33/13
Søknad om støtte til Framtidsfylket karrieremesser 2014

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen og Trondheim i 2014.

Handsaming:

Det kom innspel om at Sogn regionråd bør delta med stand i Sogndal. Det bør setjast av meir midlar i budsjettet for 2014 til å profilera regionstanden.

Vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen og Trondheim i 2014.

Sak 34/13
Profilering av Sogn på nettsida til Framtidsfylket

Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 for å profilera Sogn på framtidsfylket.no.

Vedtak:

Sogn regionråd set av kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 for å profilera Sogn på framtidsfylket.no.

Sak 35/13
Budsjett 2014 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjett for 2014 slik det ligg føre.

Handsaming

Framlegg om å setja av inntil kr 25 000 til gjennomføring av karrieremessa og inntil kr 30 000 til bustadanalysen i tilfelle innmelding frå Høyanger. Frie midlar vert redusert tilsvarende frå kr 195 000 til kr 140 000.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek budsjett for 2014 slik det ligg føre med dei endringane som kom i møtet.

Sak 36/13
Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Helsegruppa: Helsegruppa foreslår eit felles formannskapsmøte om heilskapleg helsetilbod. Regionrådet ber helsegruppa laga forslag til program. Aktuell dato er 24. januar 2014.
2. Samferdslegruppa:
Leiar orienterte om innlegget på politikardagen den 25. november. Flygeark med rådet sine prioriterte samferdsletiltak vart omdelt i møtet.
3. Rådmannsgruppa: Tema var mellom anna interkommunalt samarbeid om skogbruksfagleg kompetanse, drøftingar med NAV-direktøren om korleis vidareutvikla partnarskapen ev med ei forsøksordning. Leiar i 2014 vert Steinar Søgaard, Aurland, og nestleiar Frank Westad, Årdal.
4. Administrasjonen
 - Søknad om midlar: Fylkeskommunen har løyvd kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar i 2013. Tilskot for 2014 vert vurdert på nyåret. Midlane kjem i tillegg til det årlege tilskotet på kr 550 000.
 - Mva-kompensasjon: Sogndal kommune har tilbakeført kr 845 647,- til Sogn regionråd, jf sak i førre møte

- Studietur: Deltakarar frå kommunane reiser til Essunga i februar saman med deltagarar frå Statped Vest og fylkeskommunen. Rådet dekker utgiftene for dei kommunalt tilsette med inntil kr 50 000 av unytta fondsmidlar skule.
 - Utviklingsrettleiar: Det vert intervju og tilsetjing før jul. Arbeidsgjevar blir avklart ved tilsetjing. Utviklingsrettleiar vil rapportera til dagleg leiar.
 - PPT-organisering: Rapporten frå forprosjektet vert ferdig til årsskiftet. Saka kjem opp i neste rådsmøte.
5. Rektor Bjørg Fritsvold orienterte om Sogn Jord- og Hagebruksskule. Fylkeskommunen er innstilt på å løyva kr 26 mill til ombygging. Det vert jobba for å få statleg finansiering for resterande kr 17 mill. og slik sikra vidare skuledrift.
 6. Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord, orienterte om status og framdrift for den nasjonale restruktureringsprosessen av destinasjons- og landsdelsselskapene.
 7. Prosjektleiar og ambulancesjef Stian Sægrov, Helse Førde, orienterte om prosjekt for å vurdera samla plan for prehospitalte tenester. Planen blir ferdigstilt i januar og går til høyring i kommunane før handsaming i styret i Helse Førde i mars.
 8. Leiar: Sogndal kommune ønskjer at avtalen om drift av sekretariatet blir endra grunna den nye ordning for lønsfastsettjing (jf sak i førre møte). Dagleg leiar gjekk frå møtet. Sogndal kommune ber om at setninga «*Dersom det er trøng for vesentleg å endre lønstillhøva for dei personane som skal ivareta sekretærfunksjonane for å behalde eller rekruttere kvalifisert arbeidskraft, kan Sogndal kommune ta opp med leiaren i Sogn regionråd å få justert den årlege beløpet*» blir teke ut og erstatta av følgjande: «*Dersom Sogn regionråd endrar årsløna til dagleg leiar med ein anna lønsutvikling enn lønsdelen av deflator, vert den årlege godtgjersla (inkl. verknadene for sosiale utgifter) til Sogndal kommune auka eller redusert tilsvarende.*» Rådet godkjente endringa.

Skriv og meldingar

1. Arbeidsgjevarkontroll i Sogn og Fjordane – brev til Skatt Vest. Referert.
2. Referat frå møtet i helsegruppa 20. november var utsendt til møtet. Referert.
3. Referat frå møtet i samferdslegruppa 20. november var utsendt til møtet. Referert.
4. Referat frå møtet i rådmannsgruppa 22. november var utsendt til møtet. Referert.

Sak **37/13**

Høyring ferjeruter i indre Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd sluttar seg til innspel til ferjeruta for Vangsnes-Hella-Dragsvik slik det ligg føre.

Samferdslegruppa førebur innspel til rutetabell for Mannheller-Fodnes som rådet kan slutta seg til innan høyringsfristen.

Handsaming

Det kom framlegg om at samferdslegruppa vurderer innspela frå kommunane og utformar forslag til innspel som går til rådet for tilslutting før høyringsfristen.

Vedtak:

Samferdslegruppa vurderer innspela frå kommunane og utformar forslag til innspel som rådet kan slutta seg til innan høyringsfristen.

Noralv Distad
leiar

Marta Finden Halset

Olav Lunden

Karina Nerland
dagleg leiar